

I 1930 fikk dr. Solberg Landhusholdningsselskapets medalje, og ved sin fratreden som bestyrer av Kontrollstasjonen fikk han Kongens fortjenstmedalje i gull.

Både som Kontrollstasjonens bestyrer og ved sitt mangesidige arbeid for øvrig har dr. Solberg vært en av de som har stått i forgrunnen innen landbruket i Trøndelag, og hans arbeid har i det hele tatt hatt stor betydning for den store jordbruksmessige utvikling og de framskritt som har funnet sted i de siste årtier på landbrukets område. Han var en rolig, kunnskapsrik og vel avbalansert mann, en helt igjennom nobel personlighet hvis minne vil leve lenge blant oss.

O. Braadlie.

FORSØKSRESULTAT OG RØYNSER FRÅ DET NOR- SKE MVRSELSKAPS FORSØKSSTASJON.

Av forsøksleder Hans Hagerup

I. Grøfting.

1. Opne gøfter og kanaler vert på myrjord grave med mindre skråning enn fasmark. Smågrøfter kan takast nestan lodd-rette og kanalane med ein skråning frå 1:0,2 til 1:1.
2. Atlagde grøfter. Desse bør på myrjord vera 1,10 til 1,20 m djupe. Kjem ein ned i undergrunnen med grøftene, vert bruka teglrør, stein eller tre som attleggjingsmateriale, men er myra like djup som grøftene skal vera, bør ein som regel bruka torvgrøfter, som er mykje billegare og varige og gode ifall dei vert rett lagde. Kann ein ikkje bruka torv, bør ein bruke tre i djupe myrar.

Er den øvste torva seig og heng godt saman, vert denne bruka til dekktorv. Torvene vert teki så store som mogleg og så breide som grøfta er (45 cm), og etterat dei er turka nokre dagar så dei heng betre saman, vert de sett ned kant i kant. Er ikkje torva god nok til dekktorv, kan ein bruka bord til dekking over kilstikket. Torvgrøftene bør gravast til fullt djup med ein gong, serleg i våte myrar, så vatnet ikkje får høve til å sige ned og bløyta opp myrmassen for mykje. Arbeider 2 eller 3 mann saman, må dei fylgje like etter kvarandre. Alle atlagde grøfter må munna ut i ein ca. 2 m lang trelyre, og er vatnet jernhaldig, bør nedre enden av lyren munna ut under vatn, det kan i nokon mon hindra utfelling av rust i grøftene.

3. Grøfteavstandet må retta seg etter nedbøren på staden myrslaget og kva plantar ein skal dyrka. Ved grøfting og bruk vil myra søkke saman og svinne inn. Kor stor dette svinn eller samansøkking er, kjem mykje an på kva myrtype det er. Gjennom 25 år har ca. 1 m djup grasmyr på Mæresmyra sokke saman eller svunne inn 15—20 cm når myra den meste tida har lege til eng, og 25—30 cm når myra vart dreve som eng-vekselbruk. Dette svinn og krymping av myra gjer at etter stuttare eller lengere tid må grøftene takast opp og gjerast djupare, skal det ikkje bli for vått.

Grøttestorlek på Mæresmyra har gjennom 25 år vist at på medels gjennomtrengelig grasmyr har 15—20 m avstand mellom grøftene vori nok grøfting både til eng, korn og rotvekster. Ved forsøksstasjonen er nytta 16 m, då det ved sterkare grøfting er lettare å halde ugraset nede, 20 m avstand var vanskelegare i så måte. Sjeldan har grasmyra lidd av turke ved sterk grøfting, sjølv under sterke turkebolkar. Normal årsnedbør (Steinkjer) er 740 mm, i veksttida mai—september 298 mm.

Mosemyr må grøftast varsamare, då den har lettare for å lide av turke, 18 års forsøk på Mæresmyra viste at 0,60 m djupe opne grøfter og 20 m avstand stod betre enn 0,90 og 1,20 m djupe med same avstand. Praktiske omsyn tilsegjer at grøftene også her bør takast til vanleg djup (1,10) og leggjjast att, men avstandet kan då t. d. aukast til 25. Grunnvatnet bør ikkje senkast djupare enn 50—60 cm på mosemyr, på grasmyr kan det utan skade senkast 0,90 til 1 m i medel for veksttida.

På overgangsmyr ved Rogalands landbruksskole på Tveit har det vist seg at ein må ned i 8—12 m avstand. Normal årsnedbør er der 1714 mm og i veksttida 552 mm. På grasmyr i Trysil, med årsnedbør av 714 mm, men 403 i veksttida, har 10—15 m vori best.

II. Dyrkingsmåtar.

På grasmyr har forsøka vist at det som regel har vori best å bryta myra ved pløying. Spavending av myra vert for dyrt og må berre brukast der det ikkje går an å pløye ved brytinga. Ved å flåhakka tuvone og brenna dei, kan bryting gjerast med plog på dei fleste grasmyrar. Er myra laus og blaut, har det vore turvande å bruka truger. Som regel har det greidd seg berre å bruka truger på bakføtene til den hesten som går i fora. Faxes truger har vori bra.

Men også billegare framgangsmåtar ved oppdyrkinga har gjevi bra avling. Både horving med såing av engfrø, og også berre gjødsling har gjevi bra resultat, men har stått tilbake for fullkomen dyrking. Likevel kan dei billegare dyrkingsmåtar ha mykje for seg. Framgangsmåten ved oppdyrkinga må avgjerast i kvart einskild høve, og rettar seg mykje etter kva jorda skal nyttast til, anten til

åker, varig beite eller eng. Og dessutan må ein serleg merka seg korleis myra er, om det lett kan horvast ved overflatedyrking og skaffast jord til dekking av såfrøet, eller om den naturlege grasvekst er så god att berre gjødsling kan greie å få god plantesetnad. Som regel må det frøsåing til.

Sandkøyring med horving og såing av engfrø har ikkje gjevi stort mindre avling enn pløying, men kostnaden er like stor eller meir.

Ved overflategultivering av myr må ein grøfte like sterkt som ved fullkomen dyrking.

På mosemyr er det heldig å sløyfe brytinga. Denne vert lett for laus ved pløying og kjem såleis til å lida meir av turke. Det friske moselaget på desse myrar bør flåhakkast og førast bort, anten ved brenning eller å bruke det til torvstrøy.

Ved dyrking av skogvakse myr kan det verta spørsmål om å sløyfa brytinga. Står skogen nokolunde tett, vil det meste av overflatelaget verta fjerna med stubbane, og då dette på denne slags myr gjerne er laust, kann ein få god overflatemolding berre med horving. Ved å sløyfe brytinga sparer ein noko på dyrkingskostnadene og ein kan nå over større areal med dyrkinga og på den vis vinna noko i avling. Skal myra brukast til beite den fyrste tid, kan stubbane stå. Men det beste er å få stubbarne bort, og gjer ein det ikkje straks, bør ein ta dei seinare, for det er alltid godt å kunna bruka slåmaskina på beitet no og då.

III. Arbeiding av myra.

Pløying av myr bør utførast om somaren eller hausten. Vårpløying på myra der telen sit i let seg ikkje gjera. Og skal ein venta til telen er gått, kann det draga for lenge ut til å få sånaden unna-gjort når det gjeld å få mogen åker. Vårpløgd myr vil og lida meir av turke.

Der det er høve til det må ein alltid horve myra på telen. Best er det å taka til når det er opptint 2 à 3 tumar. Ein sparer arbeid, og myra smuldrar betre ved å verta arbeidd på telen.

Då myrjorda er lett og laus, har det vist seg heldig å pressa ho godt saman med ein tung rull, serleg er dette turvande for mosemyr. Rullen bør helst ha ein vekt av ca. 1000 kg pr. m arbeidsbreidde og kan støypast av betong eller verta gjort av plankar med steinfylling. Til ein slik rull må ein ha traktor til å draga.

Myrjord bør straks leggjast att til eng etter nylandspløying så torva kan få rotna. Ved å pløgja på nytt året etter oppdyrkinga vil ein få mykje arbeid med smuldring av den torva som då er kome opp. Gode reidskaper ved smuldringa er fjerharv, Hankmoharv, rul-leharv og spadknivharv.

Vil ein ikkje leggja att til eng straks, men bruka ho til åkervekster eit par år fyrst, må ein horva myra og ikkje bryta ho på nytt.

IV. Påkøyring av mineraljord

gjer all slags myr betre. Men då god grasmyr som regel gir god avling utan, kan slik myr godt dyrkast utan dette dyre kultiveringsmiddel. Mineraljorda har gitt største verknad dei fyrste åra medan myra var lite molda, men ettersom moldinga skrid fram har verknaden vorte mindre.

På mosemyr og dårleg overgangsmyr er derimot påkøyring av mineraljord turvande. Høveleg mengd er 15 à 20 m³, alt etter kva mineraljord det er og etter myrslaget. På ymse myrtyper kan det og vera tenleg å bruka større mengder. Denne jordkøyringa er ein føresetnad for at belgplantane skal kunne slå til, og den hjelper elles til å gjera myra betre på ymse vis, såleis meir varmeleidande, fastare mot tråkk og køyring, betre struktur og raskare molding. Ein må heller ikkje sjå bort ifrå at god mineraljord tilfører myra næring, såleis kali med leirjord. Sterk jordkøyring medfører sterkare trykk på myra og gjer ho våtare, difor trengs sterkare grøfting med sterk jordkøyring enn utan. Leir gjerne sandblanda, er best til jordbetring, utvaska materiale er mindre godt, då den inneheld lite fiu-partiklar og lite næring. Godt forbetningsmiddel sparer og på kalkinga. Jordbetring saman med kalk har på Mæresmyra (mosemyr) auka høavylingane 2—300 kg pr. dekar i medel for ei årrekke. Kløver held seg godt 2—3 år, og den frys ikkje opp som på grasmyr.

Når kløveren (raud- og alsikekløver) går ut på mosemyr og grasartane vert att, vil høavylingane gå sterkt ned. Det kan verta spørsmål om å nya oppatt kløverbestandet utan å gå til pløying. Den påførte mineraljord vil ved brytinga verta vendt ned og verknaden av den verta mindre. Eit slikt arbeid kan vanskeleg gjennomførast utan ved fresing. Ved å påføre halvparten av mineraljorda ved dyrking og andre halvpart første pløying vil ein snarare få betre innblanding i ploglaget. (Like eins med kalken.)

V. Kalking

trengs på dei fleste myrer. Er jorda i stroket kalkfattig eller myra inneheld noko vidare av kalkskyande plantar, som myrull (*Eriophorum vaginatum*), kvit mose, bjørneskjegg (*Schirpus caespitosus*) o. fl., trengs det sikkert kalking. Mosemyr treng alltid kalk. I Trøndelagen, på Oplandet og i Nord-Noreg finnes det fleire grasmyrar som er så kalkrike at kalking ikkje trengs. Kjemisk analyse gjev god rettleiding om kalktrongen på myr. Inneheld myra 3 à 400 kg kalk (CaO) pr. mål til 20 cm djup, er kalking ikkje turvande.

A finna reaksjonen — ph-verdien — i myra vil og gje god rettleiding om kalktrongen. Med eit kalkinnhald som ovanfor nemnt, ligg reaksjonen omkring ph 5. Er kalkinnhaldet mindre enn 200—250 kg pr. dekar til 20 cm djup, vil utslaget for kalk vera sikkert, og her vert ved dyrkinga tilrådd å føra til 250 kg kalk (CaO) pr. dekar.

Dette svarar til ca. 3 hl brent kalk, ca. 6 hl leska kalk, ca. 5 hl avfallskalk eller kalksteinsmjøl og 6—15 hl skjellsand etter som kalkinnhaldet er. Er kalkinnhaldet 250 à 300, er det lite og usikkert utslag for kalk, men ei mindre mengd, t. d. 100 kalk (CaO) kan tilførast, elles vil i slike høve eit lite forsøk gjeva best rettleiding, likeså reaksjonsprøve. Forsøka har vist at det er ikkje stor skilnad mellom dei ymse kalkingsmidlar i verknad, anten denne vert tilført som brent kalk (leska) eller kolsur kalk. Men det er av stor vikt at den vert jamt spreidd.

Myrtyper som ved dyrkinga er påført mineraljord, trengs ikkje kalkast så sterkt, ca. 150 kg kalk (CaO) pr. dekar er nok, elles vil mengda retta seg noko etter som jordbetringsmidlet er. Kalkverknaden held seg gjennom mange år. Kalkinga gjer myra mindre sur og dermed betre veksestad for kulturplantane. Den verkar sterkt nedbrytande på dei organiske emne og frigjer kvæve til nytte for plantane — myra moldnar. Gjennom lengere tids kalkingsforsøk merkar ein at der det er kalka, vert myra mørkare enn der det er ukalka. På kalkfattig myr er kalken og turvande som næring for plantane.

Brent kalk må leskast anten ute på åkeren ved at den vert dekt med fuktig jord (i små dungar) eller best inne i hus. Den må turrleskast slik at den vert som mjøl, og til dette trengs ca. fjerdeparten med vatn. Alle kalkingsmidlar må vera turrast mogleg ved spreiding og arbeidet må gjerast i turrver. Spreidinga må anten gjerast med maskin eller med handsåing for å få jamnast mogleg spreiding. Ein må ikkje lite på at harvereidskapane spreider kalkea dei skal berre blanda den inni åkeren. Store kalkmengder har verka nedsetjande på avlinga dei fyrste år (over 10 hl avfallskalk). U j a m n spreiding gjev u j a m n v e r k n a d.

VI. Gjødsling.

I kjemisk innhald skil myrjorda seg frå fasmarksjorda serleg ved sitt store innhald av kvæve (grasmyr) og sin fattigdom på mineralnæringsemne, fosforsyre og kali (og kalk). Dette ulike innhald gjer at gjødslinga må verta noko ulik. Medan fastmarka som regel må få alle 3 verdienne, kan ein på godt molda myr sløyfa kvævet eller bruka mindre mengder av det. Men på nydyrka og mindre godt molda myr trengs det kvævegjødsling. Husdyrgjødsel får ein som regel betre nytte på fastmarka, der det store innhald av kvæve og moldemne i denne kjem betre til sin rett. På god myr kan store mengder husdyrgjødsel verka mindre heldig ved å framkalla legde.

Hovudgjødsel på myr må vera fosforsyra og kali, og difor vil det under vanlege høve passa best å bruka mest kunstgjødsel.

I a s k e som innhald serleg kalk, men og kali og fosforsyre har vi ei god myrgjødsel, men denne rekk ikkje langt. Ved å køyra

på leir eller anna næringsrik mineraljord, kan det sparast noko på kaliet.

Ved gjødsling på myr skil ein mellom grunnngjødsling (opplagsgjødsling eller forrådsngjødsling) på nydyrka eller utpint myr og den seinare vedlikehaldsgjødsling.

Ei sterkare gjødsling første året har ved forsøk vist seg å vera lønsam for fosforsyra, men ikkje for kaliet. Myrjorda har eit lite innhald av fosforsyre og kali, men denne fosforsyra er ikkje tilgjengeleg for plantane, medan kaliet er lett tilgjengeleg. Ei sterk gjødsling med fosforsyre trengs for å gje jorda eit lite opplag, for at plantane lett kan finna den næring dei treng, ikkje berre til dei overjordiske delar, men og til laging av eit kraftig rotsystem. Den fosforsyra som ikkje vert nytta av plantane vert godt absorbera (fasthalde) i myrjorda, så den kjem til nytte seinare. Kaliet vert fasthalde mindre godt, og kvævet gjev ingen nemnande etterverknad.

I grunnngjødslinga bør ein og taka med noko husdyrgjødsel, ca. 5 lass pr. mål. Gjødslinga dei seinare år (vedlikehaldsgjødslinga) må for fosforsyre og kali gå ut på å gje litt meir enn det som svarar til vederlag for det som plantane fører bort med avlinga.

For kvævet er det umogeleg å setja faste reglar, då kvævetrongen avheng av moldingsgraden, som kan svinga mykje for dei ymse myrar, difor kann mengda av salpeter svinga frå 0 til 40 kg pr. mål.

Døme på gjødselmengder pr. dekar:

1. Første års gjødsling på nydyrka (eller utpint) myr (til vårsæd til mogning eller grønfôr): 5 lass husdyrgjødsel, 1 lass smittejord (dersom ein brukar erter i grønförblendingen), 50 kg superfosfat (eller 60 kg tomasfosfat eller 40 kg råfosfat + 10 kg superfosfat), 10—15 kg 40 pst. kalisalt, 0—30 kg salpeter etter moldingsgraden av myra.

Dersom ein har mindre råd på kunstgjødsel: 10—15 lass husdyrgjødsel, 30 kg superfosfat (eller 20 kg råfosfat + 10 kg superfosfat).

2. Årleg vedlikehaldsgjødsling.

Denne gjødslinga må retta seg etter korleis drifta er ordna og etter mengda av husdyrgjødsel ein har til rådvelde i omlaupet. Gjødslinga på myr må gå ut på å tilføre minst så mykje mineral-plantenæring som plantane fører bort med avlinga. Hugs på at plantane treng 3—4 gonger så mykje kali som fosforsyre, det er rimeleg at gjødslinga må retta seg etter det. Analyser av timoteihøy t. d. viser eit normalt innhald på 0,35 pst. fosforsyre og 1,20—1,40 pst. kali. Dette svarar til omlag 2,0 kg superfosfat (18 pst.) og 3,0—3,5 kg kalisalt (40 pst.) pr. 100 kg høy.

Døme på årlege gjødselmengder i kg pr. dekar til ymse vekster:

- a. Til eng og grøn fôr: 15—20 kg superfosfat (25—30 kg råfosfat), 20—30 kg kalisalt (40 pst.), 0—30 kg kalksalpeter.
- b. Til korn: 15—20 superfosfat, 15—20 kalisalt, 0—20 kalksalpeter. Kvævegjødslinga til korn må ein vera varsam med, ein må ta omsyn til moldingsgraden av myra av omsyn til legdefåren. Etter sterkt husdyrgjødsel rotvekster må ein og vera varsam med kvæve til kornet. På mindre molda myr og lite bruk av husdyrgjødsel kan det vera på sin plass å gje sterkare kvævegjødsling enn nemnt.
- c. Til neper, kål og fôr margkål:
 1. Full husdyrgjødsling, 20—25 lass (ca. 6 tonn).
 2. Halv husdyrgjødsling + halv kunstgjødsling: 10—15 lass (3—3,5 tonn), 20 superfosfat, 20—30 kalisalt, 0—20 kalksalpeter. Med husdyrgjødsel meiner ein fast og flytande saman godt oppsamla i strøymidler.
- c. Full kunstgjødsling: 30—40 superfosfat, 50—60 kalisalt, 20—40 kalksalpeter.
- d. Til gulrot: Berre kunstgjødsel som neper.
- e. Til potet: 8 lass husdyrgjødsel, 20—25 superfosfat, 25—30 kalisalt, 20 kalksalpeter. På godt molda myr sløyfes kvævegjødsel. Brukar ein berre kunstgjødsel på godt molda myr, kan mengdene vera: 30—40 superfosfat, 40—50 kalisalt, på mindre molda myr dertil 20—40 kalksalpeter.

Desse mengder for den årlege gjødslinga er for myr som er gjødsel med overskot av fosforsyre første året. Er dette ikkje tilfelle, må det brukast noko meir fosforsyre eit par år etter oppdyrkinga, t. d. 30 kg superfosfat eller tilsvarende anna fosfatgjødsel. Det er gått ut ifrå avlingar av høy, lø og tørt grønnfôr på 600 til 800 kg. Dertil håvling etter første slått og nepeavlingar på ca. 6000 kg røter pr. dekar. Tek ein jamleg større avlingar, må det gjødselast noko sterkare.

Det syner seg at det oftast er kaligjødslinga som det skortar på ved myrgjødsling, serleg viser dette seg i enga når den vert noko eldre. Dei sådde grasslag, mest timotei, vil gå ut, og andre mindre yteføre slag kjem istaden. Mangelen av kali viser seg på plantane ved at dei vert bleike og har ikkje den friske grøne farge som skal vera. Trongen til kali i enggjødslinga stig di lenger enga kjem frå husdyrgjødsel rotvekster.

Dei nemnte gjødselmengder gjeld for grasmyr.

På mosemyr vil ein vanleg ikkje få så store avlingar under våre høve som på grasmyr. Husdyrgjødsel kjem elles betre til sin rett på mosemyr enn på grasmyr, då denne treng mykje tilføring av kvæve for å gje gode avlingar.

I fjellbygder og strok der transporten av kunstgjødsel vert dyr må ein bruka husdyrgjødsel til overgjødsling av myreng. Best er

årleg gjødsling, ca. 8 lass (1,5—2 tonn) pr. dekar. På myr der det er kvævetrong, vert dette best nytta ved å bruka årleg gjødsling. Å gjødsla annakvart år i slike høve med dobbel mengd får ein ikkje den nytte av kvævet som ved årleg gjødsling. På godt molda myr kjem kvævet i husdyrgjødsla ikkje til utnytting. Husdyrgjødsla på eng må smuldrast og «horvast» ned til planterøtene med rishorv. Av kunstgjødsla må ein velje dei mest konsentrerte i slike strok.

Dei ymse gjødselslag.

I ovanstående er mest nemnt berre superfosfat, 40 pst. kalisalt og kalksalpeter. Ved bruk av andre gjødselslag må ein taka omsyn til innhaldet av vedkomande verdienne og verknaden til dei ymse vekster. Den vassløyselege fosforsyra i superfosfat, ammoniumfosfat og svovelsyra beinmjøl har synt den raskaste og sikraste verknad til alle vekster og bør fortrinsvis brukast til vekster som skal stå til mogning og potet. Den sitronsyreløyselege fosforsyra i tomasfosfat, nitratfosfat (renaniafosfat og supra) har stått tilbake i verknad for dei vassløyselege første året, men når etterverknaden vert medrekna, står dei omlag på høgd med superfosfat. D a m p a beinmjøl verkar seinare enn superfosfat og må difor brukast til vekster med lang veksttid — (haustkorn eller rotvekster). Det vert ofte ei prisspørsmål kva ein bør velje. Råfosfat er det finmala produkt av råvaren for superfosfatfabrikasjonen. Verknaden har i høve til superfosfat til eng vori ca. 80 pst. av superfosfaten. Dei vert tilbydd under ymse namn. Det må serleg leggjast vekt på at dei er finmale, og at dei har eit høgt sitronsyreløyseleg innhald. Totalinnhaldet er ca. 25 pst. Den verkar seint og må difor ikkje brukast til vekster som står til mogning, då mogninga ved bruk av råfosfat går seinare enn ved bruk av superfosfat. Til eng (og beite) kan råfosfat brukast med $\frac{1}{3}$ til $\frac{1}{2}$ gong så stor mengd mot som vanleg vert bruka av superfosfat når elles prisen tillet det. Råfosfat verkar betre under regnrike enn regnfattige somrar. Fosforsyra vert godt bunne i myrjorda, noko større utvasking risikerer ein ikkje. Råfosfat i blanding med ammonium-kaliumnitrat har ved første års gjødsling synt ein verknad på 80—90 pst. av superfosfaten.

Dei ymse kaligjødselslag og norsk kaligjødsel har synt omlag same verknad. Av omsyn til fraktkostnaden må veljast dei høgprosentiske slag, her hos oss vanleg 40 pst. kaligjødsel. Kalikalk (eller Dalen kali), som er eit sideprodukt frå sementfabrikasjonen (Brevik), står på høgd med dei tyske kaligjødselslag i verknad. Kaliinnhaldet er lågt, og gjødsla får difor sin vesentlege avsetnad i nærleiken av produksjonsstanden. Innheld ca. 30 pst. kalk.

Kaliminerala biotit og flogopit har synt god kaliverknad, men innhaldet er svert lågt, serisit, feltspat og phonolit har synt liten eller ingen kaliverknad.

Av kvævegjødselslaga har kalksalpeter og natronsalpeter vist den raskaste og sikraste verknad til dei ymse vekster. Den har lett for å verta utvaska under regnrrike føresomrar og vert difor å bruka til overgjødsling i veksande grøde eller og samtidig ved kornsåinga der nedbøren er liten.

Kalkammonsalpeter kjem omlag opp imot kalksalpeter i verknad. Den inneheld halvparten av kvævet som nitrat og halvparten som ammonium. Den kan utsåast tidlegare enn salpeter og høver betre i regnrrike strok og til vekster med lang veksttid.

Kalkkvæve Odda har ikkje kome på høgd med dei nemnde slaga i verknad. Best står det på grasmyr, på mosemyr dårleg. Det må omlagast i jorda før det vert nyttande plantenering. Høver best til plantar med lang veksttid og i regnrrike strok. Det bør blandast inn i jorda. Kalkkvævetypen «Trollmjøl» vert bruka til ugrastyring på doggvåte plantar. Det verkar samtidig som kvævegjødsel.

Svovlsur ammoniakk har vori underlegen salpeterkvævet i verknad, men har ved stadig bruk i dei første åra stått over Odda. Jorda vil ved bruk av dette slag verta surare, då den etterlet ein syrerest som tærer på kalken. På kalkrik myr vil svovlsur ammoniakk vera å tilrå.

Fullgjødsel er konsentrerte gjødselslag som det kan vera spørsmål om å bruke ved lang frakting av gjødsel. Samansetnaden høver ikkje for myrjord. Ved bruk av dei må ein gå ut ifrå den kvævemengd ein vil bruka og gje tilskott av einsidige gjødselslag. Serleg trengs tilskot av kali.

Ved bruk av blandingsgjødselslag må ein taka same omsyn.

Rikelig kalk i myra kan framkalle grå flekksjuka på korn (havre). Dette kan bøtast ved tilføring av mangansulfat. Gulsmissjuka (serleg på havre, men og andre plantar) kan føre til at det ikkje vert utvikla korn i toppen, men god halmutvikling. Tilføring av kopparsulfat har då vist god verknad. Dei fysikalske tilhøva i jorda kan og vera ein årsak, det hjelper med sand eller leirkøyring, dessutan tilføring av husdyrgjødsel. Dessutan kan det vera skort på bor, t. d. «vattersott» på kålrot, den vert svart i kjøttet. Dette kan bøtast ved borgjødsling.

Slike tilfelle bør nærare undersøkast.

Utspreiingstider for gjødselslaga.

Fosfat og kaligjødsel må såast ut så snart som mogleg om våren.

For kvævegjødslinga har forsøka vist at verknaden av dei avheng i mange høve om ein treffer den heldigaste utspreiingstid. Nedbøren har her mykje å segja. Under midlare nedbørshøve på føresomaren, har den beste utspreiingstid for salpetergjødselslaga på eng vori, når enga jamt over er grøn og plantene står ferdig til å nytta kvævet, til åker når den broddar (overgjødsling),

til neper ved såinga av nepene eller halvparten ved såinga og halvparten ved uttynning. Kalkammonsalpeter og svovlsur ammoniakkt brukt til eng må spreiaast noko tidlegare enn salpeter, til åker og rotvekster føre såinga. «Odda» kalkkvæve må til eng spreiaast ut samtidig med mineralgjødsla før plantene har teki til å veksa. Til åker har det ikkje vori nemnande skilnad i verknad anten det vert utsådd føre såing av kornet eller brukt som overgjødsling, difor bør det helst såast samtidig med mineralgjødsla, og til neper må det ut minst 8 dagar, helst 14 dagar, føre såing av nepene.

VII. Engdyrking.

1. Attleggjingsmåtar. Forsøka våre har vist at høyavlinga vert størst første året ved å så til utan oversæd, dinest kjem tidleg hausta grønfør som oversæd. Dei seinare åra har avlingskilnaden mellom dei ymse attleggjingsmåtar vori liten, og når ein reknar med attleggjingsåret, har attlegg i moge bygg vori best.
2. Utsædsmengd. Forsøk med ein frøblanding som inneheldt 40 pst. timotei, 19,5 pst. hundegras, 19,5 pst. engsvingel og 21 pst. kløver har gjevi omlag like stor avling etter utsædsmengder som har legi mellom 2,3 og 6,3 kg pr. mål. Det var bruka grønfør som oversæd, og forsøka er gjort på grasmyr i god vekstkraft.
3. Håslått og haustbeiting. I 6-årige forsøk på Mæresmyra har håslått sett ned avlinga i 1. slått med 42 kg pr. mål, men høutbyttet var 175 kg tørr hå pr. mål, håslåtten har gjevi eit overskot på 133 kg. Timotei og andre sådde grasslag har gått fortare ut der håa er slegi, og ikkje sådde grasslag, mest eng-rapp, er komi i staden.

Haustbeiting synest å verka omlag som håslått, både på avling og plantesetnaden.

4. Planteslag:

Timotei har vist seg å vera det grasslag som gjennomgåande har gjevi den største avling av dei prøvde grasslag i stuttvarig eng, 4—6 år. Dette har vori tilfelle både på Mæresmyra og elles på felt i ymse landsdelar. Den har halde seg bra utan større innblanding av andre grasslag når den vert gjødsla godt og ikkje for sterkt beita og ved moderat håslått. Den er hardfør, men tålar ikkje sterk beiting. På hardsette stader har den ymse år vori sterkt skadd om vinteren. På simplare myrslag har andre grasslag til dels komi på høgd med timotei, serleg er dette tilfelle når enga vert eldre. Den gir godt høy med ganske høgt innhald av kvævefrie emne og heller lågt innhald av protein i samanlikning med andre grasslag. Frø av eigen avl eller frå stader med liknande vekstvilkår bør ein halde seg til. Di vanskelegare veksttilhøva er, di meir turvande er det at frøet er av lokal stamme. (Dette gjeld også andre engvekster.)

Engrevhale er hardfør og varig. Høgt over havet og langt mot nord har den på sine plassar stått like bra som timotei, då den treng stuttare veksttid. Går lett i legde, og ved sein slått vert den mykje fengd av rust. Den gir næringsrikt høy, når berre slåttan vert utført tidleg. Går betre på god enn dårleg myr.

Engrapp er hardfør og varig. I høyavling står den langt tilbake for timotei og høver elles ikkje i stuttvarig eng. I eldre eng på god grasmyr vil engrapp gjerne bli den dominerande engplante. Næringsinnhaldet er ganske rikt.

Raudsvingel er hardfør og varig. I høyavling gir den mindre enn engrapp, gode stammer kan koma opp mot denne. Forheld seg elles som engrapp. Vill raudsvingel har lett for å breia seg både på gode og simplare myrtyper i eldre eng og beite.

Engsvingel har gjevi mindre avling enn timotei. Best har avlinga vori fyrste åra. Går lett i legde. Bra beitegras med næringsinnhald som timotei.

Svingelfaks har delvis gjevi like stor høyavl som timotei. Den har underjordiske rotutlauparar som gjer at den vert varig, høver difor ikkje i stuttvarig eng, men på plassar som ikkje skal pløyast opp. I tilfelle den vert bruka i kunsteng, vil den av nemnte grunn opptre som ugras i åker. Gjev eit grovt fôr.

Strandrør forheld seg som svingelfaks, men gjev mindre avling og grovare fôr.

Hundegras gjev liten avling. Det har vist seg lite hardført, tåler lite frost utan å ta skade. Stråstivt og gir næringsrikt fôr. Går bra i mindre hardsette strok, kyststrok. Gjev bra ettervekst, då det er tidleg ferdig til første slått.

Markrapp gjev lita avling og er uvarig. Går lett i legde. Det er ganske næringsrikt.

Raigras, stiv- og sausvingel, høghavre, kamgras har anten vori så lite hardføre eller gjevi så lita avling at dei vil ha liten verdi i kunsteng på myrjord.

Kvein har ikkje gjevi så stor avling som timotei på god myr. på enkelte simplare myrtyper har den stått på høgd med denne. Gjev et fint høy, men graset går lett i legde. Viltveksande slag vil gjerne koma inn i enga både på gras- og mosemyr. Vil gjerne koma inn under liten fosforsyretilgong. Den har eit ganske høgt næringsinnhald, men relativt lite melteleg protein.

Raud- og alsikekløver har begge vist seg å vera usikre på molda grasmyr under skiftande vertilhøve vinter og vår. På mindre molda myr og i innlandsstrok har kløver halde seg betre i enga, men berre stutt tid. Derimot på kalka og jordbeta kvit-mosemyr har dei begge slegi godt til og halde seg godt, dersom veksttilhøva elles ikkje har vori for vanskelege. Raudkløver har gjevi større avling enn alsikekløver i blanding med timotei.

Kvitkløver vil vanskeleg gjera noko av seg i eng på god grasmyr, på mosemyr vil den ofte koma inn ved sjølvsådd i eldre eng og gjera seg sterkt gjeldande. I beite på slik myr er den av stort verd. I beite på grasmyr har den vanskelegare for å koma inn.

5. Engfrøblandingar.

Blandingar av ymse grasslag har vist at nokon slik blanding vanskeleg kan koma på høgd med reinsådd timotei i høyavling i stuttvarig kunsteng. Derimot har blandingar mellom timotei og kløver stått over reinsådd timotei. Største auke i avling har ein slik blanding gjevi på mosemyr (30—40 pst.). Også på grasmyra har vori bra auke, samtidig vert betre kvalitet. På Aust- og Sørlandet har avlingsauken vori opptil 10 pst. I Nord-Noreg har kløver vori meir variabel og gjevi mindre utslag i blandinga til dels ingen.

Frøblandingar og mengd pr. dekar:

God grasmyr:

Der vinteren er ustabil	3 kg	timotei
Under bra overvintringstilhøve	2,5 »	timotei
	0,3 »	raudkløver
	0,3 »	alsikekløver

I alt 3,1 kg

Dette gjeld stuttvarig eng. Skal enga liggja lenger tid og der beiting ålment vert bruka på enga eller hå vert slegi, kan noko av timoteien verta utbytt med engsvingel og engrapp, på Sør- og Vestlandet kan hundegras vera på sin plass der frost ikkje skader.

Sandkøyrt og kalka kvitmosemyr:

	2,5 kg	timotei
	0,4 »	raudkløver
	0,4 »	alsikekløver

I alt 3,3 kg

til 3—4-årig eng.

Skal enga vara lenger, og vert ho beita, vert medteki 0,3 kg engsvingel + 0,3 kg engrapp + 0,1 kg kvitkløver, og timotei kan reduserast med $\frac{1}{2}$ kg pr. dekar.

Er det ikkje dyrka kløver før på myra, bør ein anten tilføra kløverjord (smitte) eller og bruke bakteriekulturar for kløver.

Også for kløver er det av verd å ha lokalstammer som er meir hardføre enn frø avla i sørlegare strok.

6. Kor lenge skal enga vara? Ved årleg overgjødsling og varsam haustbeiting og håslått har det vist seg at timotei har halde seg godt på Mæresmyra i 6 à 7 år. Revehale, raudsvingel og eng-rapp ennå lenger. Men sjølv om dei sådde engplanter held seg for det meste bra, vil avkastnaden i eng som vert noko eldre gå ned. Der timoteien vert trengt unna av andre grasslag som rapp og kvein o. fl., vil høvavlen gå attende med 100 til 200 kg pr. mål. Ved sterk beiting og veik gjødsling vil avkastnaden fort gå ned.
7. Slått. Under gode vekstvilkår på betre myrer kan ein ofte få slå 2 gonger eller 1 slått + beiting. På mosemyr eller simplare myrtyper vil det sjeldan verta større ettervekst etter høyslått. Slåttetidsforsøk på grasmyr viser at timotei hausta ved aksskyting har gjevi det kvalitativt beste høy, rikast på mineralemnene og protein. Den største høvavling er nådd ved sein slått, men dårlegaste høy. Den mest høvelege slåttetid for timoteieng syner seg å vera så tidleg at slått er unnagjort for det meste når timoteien blømer, etter bløminga går kvaliteten fort ned. Er enga kløverrik, kan slått utsetjast noko. Tidleg høyslått medfører hausting av etterslått anten til høy eller silofôr eller ved beiting. Håslått verkar sterkt på etterfylgjande års avling, slik at den vert mindre enn om etterslått ikkje vart teki. Men første slått + håslått vil som regel vera større enn berre eingongs slått. Håslått eller beiting må gjerast så tidleg at graset kan veksa til noko mot vinteren. Sterk gjødsling vil hjelpa på å styrke enga i så måte.
8. Myrjorda høver godt til kulturbeite. Ved grøfting vil vasstilhøva verta jamt regulera. Våre forsøk med ulik sterk grøfting til beite viser, at det må grøftast minst like sterkt som til vanleg åkerland for å gje høgste avkastnad. 10 til 15 m avstand har dei fyrste åra av forsøkstida (4 år) stått betre enn 20 og 30 m.

Oppdyrkingsforsøka viser at den største avkastnad og billegaste fôrverd har ein fått ved fullkomen dyrking, pløying og horving av grasmyr til beite. Også overflatekultivering: horving, rydding og planering med isåing av frø har ikkje stått så mykje tilbake for den fullkomne dyrkinga. Berre gjødsling på den naturlege myrvegetasjon har stått mykje tilbake for dei andre framgangsmåtar. Det vil oftast gå for lang tid for dei meir yteføre beiteplantar kjem inn i beitet, berre på myrer med rikeleg grasvekst vil framgangsmåten vera å tilrå.

Planering og rydding må gjerast så fullkomen i tilfelle billegare framgangsmåtar vert nytta, så at det vert høve til å køyre slåmaskina.

Di veikare det er grøfta, di mindre vert skilnaden mellom full dyrking og overflatearbeidd beite.

VIII. Grønfordyrking.

1. Grønforblandingar. Av dei prøvde grønforvekster (havre, bygg, grærter, vikker og blå lupin) har havre gjevi største avling i reinsådd, dinest bygg (trønder). Men ei blanding mellom havre og grærter har gjevi ennå større avling og betre kvalitet, då ertene inneheld 18—20 pst. protein, medan havren berre har 6,8 pst. Til dette kjem at havre som har vakse saman med erter vert proteinrikare. (I medeltal for 4 år inneheldt havre sådd reint 6,3 pst. protein, og havre vakse saman med erter 7,95 pst.) Det beste samhøve mellom havre og erter har i våre forsøk vori $\frac{3}{4}$ havre og $\frac{1}{4}$ grærter.

Vert erter bruka på nydyrka myr eller på myr der det ikkje før er dyrka erter, må jorda smittast, d. v. s. å tilføra dei bakteriar som lever i samliv med ertene. Desse knollbakteriar kjem nok lell utover somaren, men det går seint og gjer ikkje stort av seg. Smittinga vert utført ved å så ut 1 lass jord pr. mål fra jord som i dei siste åra har bori erter. Smittejorda vert saman med gjødsel horva ned.

2. Såt tid og haustetid.

Vi har samanlikna 3 såtider, nemleg omkr. 1.—15. og 30. mai og 3 haustetider for kvar av såtidentene, nemleg: første hausting når havren har teki til å bløma, andre hausting 15 dagar etter at havren tok til å bløma og tredje hausting når havren var mogen. Utfallet av dette vart at avlinga i medeltal vart best ved den midlare såt tid og vart størst ved å utsetja haustinga. Etter dei kjemiske analyser har kvaliteten for havre og erter i blanding vori best etter andre haustetida, men første haustetid kjem like etter.

Det beste resultat ved desse grønforforsøk er nådd med den andre såtida (midten av mai) og ved å hausta det ca. 15 dagar etter havren har blømt. Då har ein nådd å få produsera den største mengd av stivels- og mjølkeproduksjonsverd pr. mål.

IX. Korndyrking.*)

Korndyrking på myr krev tidlege og serleg stråstive, men ikkje for halmrike sortar. Myrjord er einsidig, lite drivande og oftast frostnem. Rikeleg kvævetilgong aukar legdefåren, stråveike slag må ikkje dyrkast, halmrike sortar er også mykje utsett for legde i vanskelege år, sjølv om dei er ganske stråstive. Ved tidleg sånad (sjølv om telen sitt i) og høveleg gjødsling har korn gått etter måten bra på Mæresmyra. Bygg er sikrast på dei meir kalkrike grasmyrar, då det er tidlegast. Havre høver betre på mindre gode myrer.

Såt tid.

*) Ass. A. Hovd har skrevi om dei ymse havre- og byggsortar. Dei sortar merka med * er serleg tilrådd til dyrkinga.

Forsøka våre har vist at alle vårkornslag tåler tidleg sånad og vert ikkje skadd sterkt av vårfrosten, når denne ikkje er alt for hard. Den kritiske tid for kornslaga er som regel mellom bløming og mogning. Tidleg sånad er på frostlendte stader eit absolutt vilkår for at korn dyrkinga kan verta nokolunde sikker.

I 13-årige forsøk på Mæresmyra med 3 såtider (omkr. 1.—10. og 20. mai) har havre (Trønder) gjevi 227, 216 og 176 kg korn i same fylgd for 1., 2. og 3. såtid. I seine år har skilnaden mellom fyrste og andre såtida vori opptil 59 kg og mellom første og tredje såtid opptil 101 kg pr. mål. Til dette kjem at 1. såtid ofte er skori før den verste nattefrost er komi, medan 2. og serleg 3. såtid er vorti meir eller mindre øydelaagd av frosten, og berginga er som regel sikrare di tidlegare kornet vert hausta. Halmmengda har auka ved utsetting av såtida.

For bygg har kornavlingane i medeltal vori omlag like for dei 3 såtider (194, 198 og 193 kg korn i same fylgd for 1., 2. og 3. såtid). Halmmengda har auka ved sein sånad. Det har for storleiken av avlinga ikkje vori så turvande å så bygget så tidleg som havren, men forsøka har vist at bygg tåler tidleg såing, kornkvaliteten har vorti betre, og kornet vert tidlegare ferdig til skurd.

Havresortar:

Perle har hittil vori ein bra sort på myrjord. Han er tidleg, ganske foldrik og medels stråstiv, men har noko stor halmmengd og difor legde i vanskelege år og har då vori i seinaste laget her.

*Nidar II er 5—6 dagar tidlegare og etter forsøka her både foldrikare og meir stråstiv enn Perle og berre litt mindre halm. Nidar II er ein god sort for myrjord og på frostneme stader med stutt veksttid her nordafjells og i fjellbygder.

*Ymer er jamntidleg med Perle, meir stråstiv og foldrik og har mindre halm. Høver der veksttida er litt lenger og sikrare for nattefrost enn her på Mæresmyra.

*Kytø (finsk foredling) er 3—4 dagar seinare enn Perle, er sers foldrik og har lite halm (minst av alle sortar). Kytø er for sein her, men ein sers god sort for myrjord der veksttida er lengre og nattefrosten mindre nærgående.

Hird er jamntidleg med Kytø, men knapt så stråstiv. Det er ein fin havre, men lite prøvd her ennå.

(Nidar II, Ymer og Hird er foredlingar frå Voll forsøksgard, Perle frå Møystad forsøksgard, Hedmark.)

Byggsortar:

Maskin er velkjend, medels tidleg, bra stråstiv og foldrik sort, er noko utsett for legde i vanskelege år. Maskinbygg bør nå helst skiftast ut med meir høvelege sortar på myrjord.

Asplund er i seinaste laget her, men er sers foldrik og har stiv, men sprø halm og går stygt i legde når påkjenninga vert stor. Høver dårleg som dekkvekst på myrjord.

*Jotun er tidlegare, foldrikare og vel så stråstiv som Maskin og er ein sikrare og høvelegare sort på myrjord under vanskelege dyrkingsvilkår og stutt veksttid.

*Sølen er tidlegaste byggslaget i forsøka her, står jamnt med Maskin i kornavling og har mindre og stivare halm. Sølen er ein høveleg sort også for myrjord mot grensa for korndyrking i det heile.

Polar er ikkje tidlegare og knapt så foldrik som Sølen. I kvalitet står desse tidlege byggslag nokså mykje attende for Maskin og Asplund og foredlingar av desse.

Kjevik stjerne er også tidlegare enn Maskin og absolutt meir foldrik og stråstiv, ein av dei beste sortar i forsøka her og fortener sikkert å prøvast nærmare.

*Herse er litt seinare enn Maskin, men er sers foldrik og stråstiv, står jamt med Asplund i kornavling og har minste legdetal av alle sortar. Herse vil sikkert vera sers god for byggavlen i Trøndelag, der legdeåker er ein av dei største vanskane.

(Maskin er ei foredling frå Møystad forsøksgard, Jotun, Sølen frå Statens forsøksgard for fjellbygdene, Kjevik stjerne frå Kjevik forsøksgard, Kr.sand, Herse frå Voll forsøksgard og Polar frå Holt forsøksgard, Tromsø.)

Alle byggslag syner seg å vera noko utsette for mjølauke (*Claviceps purpurea*) ved dyrking på myrjord (grasmyr). Minst utsett for dette er Asplundbygget og typer av det. Likeså er dei utsett for stripesjuke (*Pleospora graminea*). Tørrbeising med ceresan er verknadsfullt og bør utførast.

Andre kornslag:

Vårkveite høver ikkje på myrjord (grasmyr). Berre i tørre og varme år går det bra. På dei beste myrar, grunne kalkhaldige, jordkøyre kan det gå bra. Tidlege sortar må brukast (Garnet).

Vår rug (ein sort frå Frosta) har i gode år gitt bra avlingar, men har vori for sein til vanleg.

Haustrug har ikkje gjevi store avlingar. Overvintringa har ikkje alltid vori god. Det må syrgjast for vassforer så vatnet kan renna vekk om våren, elles vil rugen lett gå ut. På grasmyr har den til dels vori utsett for legde så tidleg at frøinga har vorti mangelfull. På mindre molda myrar kan det gå bra. Sortane er oftast for seine. Trønder er sikrast.

På grunn av myrjorda sine fysiske eigenskaper, og at den ligg låglendt til, er ho mykje utsett for frost og er såleis ikkje noka god kornjord eller jord som høver for frostneme vekster. Frosten gjer seg sterkast gjeldande i innlandet, — mindre i kyststroka i vekst-

tida. — Ved drifta av myrjorda må ein hugse ymse rådgerder som på indirekte og direkte måte kan motverka frostfåren.

Her skal nemnast ein del punkter:

1. God og som regel allsidig gjødsling til dei ymse vekster.
2. Tidleg sånad for kornslaga, då vårfrosten ikkje er så fårleg. Tjukk, men ikkje tidleg sånad for neper. Potetene må heller ikkje setjast tidleg.
3. Val av tidlege kornslag og tidlege potetslag med mest mogleg gras.
4. Sandkøyring og tung rulling gjer myrjorda meir varmeleidande.
5. Høgt grunnvasstand vil motverka frostfåren, har ein høve til oppdemming av vatnet i grøftene om hausten, kan det hjelpa mot frost.
6. Frosten kjem av den kalde lufta som samlar seg i låglendet, ved å skaffa den avlaup vil lendet verta mindre frostnemt.
7. Ved å få til eit røykdekke over myrfeltet har det lukkast å hindra ein temperaturnedgang på 1,5 à 2 gr. C. på Mæresmyra. Det er prøvd røykmiler og raudt fosfor. Røykmilene har vori av dei forsøksleiar Foss har bruka. (40 kg tørr granved dekt med likeså mykje våt kvitmose og dessutan rå torv over), men det må vera minst 1 for kvart 100 mål. Raudt fosfor har falli lettare å bruka, og ved å brenna det på steinheller som ein kan flytta har ein høve til å kunna regulera kvar røyken går. Det kan ein mindre gjera med milene. Raudt fosfor vert mykje dyrare enn miler, og det trengst 1 kg fosfor på 30—50 mål. Frost under bløming av kornet skader mest (juli mnd.). Då frosten på den tid varer stutt tid kan ein ved røykdekke hindre skade. Utover hausten vert frosten hardare og varer lenger om nettene, og det vert difor vanskelegare å hindre frostskade i seine og kalde år. Røykinga må vara lenger tid og vert dermed dyrare.

Ein må leggja sterkast vekt på dei indirekte måtar.

X. Rotvokstrar.

1. Neper og kålrot tåler lite frost straks etter oppspiringa. Difor må såinga utsetjast til den verste nattefrost er over. Sånad i kald jord vil lett avla mykje stokklauparar. Det må tilrådest å så tjukt på frostlende myrer, då det har vist seg at det vert att fleire leveføre planter etter ei frostnatt.

Dei nepeslag som har vist seg best på fastmark slær som regel også godt til på myrjord. I forsøka våre har Fynsk bortfelder, Kvit mainepe og Østersundom gjevi størst avling av dei meir haldbare slag, vel 10 pst. meir turremne enn Dales hybrid. Høveleg såtid har ved forsøksstasjonen vori 20.—30. mai.

Av kålrøtene har Trondheims kålrot og Bangholm gjevi største avling. Kålrot må helst ikkje dyrkast på myrjord

(grasmyr), då kálflugelarva (*Cortophila brassicae*) utover hausten øydelegg rota slik at ho rotnar.

Vatning med $\frac{1}{10}$ pst. sublimatoppl. har vist bra verknad mot kálfluga. Andre midler er betre å handsame, f. eks. Kerol, frukt-trekarbolineum (Nodest) i 0,3 pst. oppl. Vatning eit par gonger etter utplantning eller etter uttynning.

Forbeter krev meir varme enn neper og har ikkje kunna konkurrera med desse sjølv i varme år ved samtidig sánad. Dei må tiltrekkast i benk og plantast ut skal ein få tilfredsstillande avling.

2. Poteter (på grasmyr). Dei gjev stor avling på myrer som ikkje er for mykje utsett for frost. Til matpotet vert han ikkje så god som på fastmark. Til settepoteter er han fin. På frostlendte myrer er han vår usikraste vekst, då han ikkje tåler frost i noko vekststadium. Dersom ein har anna skikka potetjord, må han ikkje takast med i sædskiftet på myrjord i nokon stor mon, men litt til avl av settepoteter. Dei som har noko større rismengd eller riset er opprettståande synest å tåla, iallfall litt frost, betre enn dei med lite ris. Myrjordpotet vert som regel mindre tørrstoffhaldig enn fastmarkspotet. Dei tidlege slag har vist seg å gje størst avling på denne jord.

Tidlege sortar, som Dukker, Sharpes express, Edzel Blue, Louis Botha, Early Puritan, har gjevi gode avlinger, men har meir eller mindre vori utsett for tørråte. Louis Botha har vori bra motstandssterk. Graham har gjevi gode avlinger, men har vori sterkt utsett for tørråte. Seinare slag som Alpha, Parnassia, Kerrs Pink har gjevi mindre avlinger sjølv om dei ikkje har vori utsett for tørråte i nemnande grad. Parnassia har hatt største tørrstoffprosent.

XI. Grønsaker.

Hovudkål har gjevi bra avling på Mæresmyra, men i seine år har det knepi med å få den fast nok. Om våren toler dei unge kálplanter lite frost, difor må ikkje kálen plantast ut før dei verste frostnettene er over, her hos oss først i juni månad. Den er på myrjord mykje utsett for åtak av larva til kálfluga (likesom kálrot) og larvene av myhanken, som ofte gneg av plantene i jordskorpa like etter utplantning. Ein nyttar dei same rådgjerder mot kálflugelarva som nemnt under kálrot, og elles må ein leggja vekt på å få kraftige planter (prikling) før ein plantar ut, dessutan må ein plante grunt, då vil plantene betre motstå gnag av insektlarver. Desse rådgjerder gjeld også andre kálvekster.

Tidlege sorter er dei sikraste. Av hovudkål. Trønder, Ditmarsker og typer av den — Heinemanns junikjempe — og Stavanger torg som er mest årsikre. Spisskål vert tidlegare ferdig, men gjev mindre avling. Trønder og Stavanger torg kan lagrast ei tid, men ikkje Ditmarsker.

Avlinger av ymse vekster på grasmyr

	Avling pr. dekar i kg			For- verd pr. 100 kg	Forverd pr. dekar	År i alt
	Medel- avling	Stør- ste	Min- ste			
Timotei: 1. slått	656	907	341	45	295	23
Hå	120			50	60	12
					— 355	
Bygg: Asplund: Korn	285	390	121	100	285	26
Halm	448	697	228	27	121	
					— 406	
Maskin: Korn	249	374	115	100	249	23
Halm	420	698	214	27	113	
					— 362	
Havre: Perle: Korn	290	397	170	84	244	
Halm	500	728	274	30	150	26
					— 394	
Neper: Fynsk bortfelder: Røter	7,146	11,181	3,270	8	572	
Blad	2,620	4,167	667	7	183	30
					— 755	
Kålrot: Trondheims: Røter . .	3,967	6,110	2,334	10	396	16
Blad	1,251	2,315	504	7	88	
					— 484	
Poteter: Louis Botha: Knollar	2,898	3,904	1,216	20	579	12
Grønfor (3/4 havre, 1/4 gråerter) .	697	1,150	389	50	349	20
Gulrot: Nantes: Røter	4,428	8,530	1,300	11	487	
Blad	1,590	2,100	350	10	159	27
					— 646	
Hovudkål: Trønder	2,800	4,419	800			16
Ditmarsker	4,400	6,480	1,764			18
	Forverd pr. dekar:					
Beite (full dyrking)	348	448	243		348	8

Seinare sorter, som Moens kvitkål og Blåtopp, må ha lenger og varmare somrar på myrjord. Ved tiltrekking i jordpotter, så dei får ei kraftig utvikling før utplanting, kan dei gje betre avlinger. Til lagring for vinteren er dei seine sorter betre, dersom dei vert fullt utvikla. Blomkål går bra på grasmyr, dersom insektåtaka ikkje øydelegg den. Sortar som stor dansk og Schnekupe har gjevi fin kål, Helios også bra, Pioner original har vori mykje utsett for sopp-sjukdom.

Gulrot går sers godt på myrjord (grasmyr) og gjev røter av

god kvalitet. Av omsyn til ugraskampen bør den helst dyrkast på ompløgd voll og nytte berre kunstgjødsel. Beste sorten er Nantes, gode sorter er Feonia, Stutte driv, Amsterdammer. Til lagring er London torg og Guerande best, dei gjev ikkje så stor avling og har heller ikkje så god kvalitet.

Förgulrøttene Champion og White Belgian har under våre tilhøve ikkje kunna konkurrera med matgulrøtene i avling.

Raubeter har gjevi bra avling, men må ikkje såast for tidleg, då den lett vil gå i stakk. Av sortar er Improved Detroit god, bra er flatrunde egyptiske og karmoisinraud kule.

Pastinak har gjevi mindre avling enn gulrot, men den har vori tilfredsstillande. Sorten Suttons student har stått best.

Purre, reddiker og salat går også bra, reddiker vert sers gode. Løk vil gjerne veksa opp mykje i gras, sjalotløk har gått best.

XII. Avkastnaden av dei ymse planteslag på myrjord (grasmyr).

Samanlikning mellom det ymse jordbruksvekster sin avkastnad innbyrdes kjem best fram i sædskiftet. I nedenstående tabell er teki medelavlingane og største og minste avling av nokre av dei beste sorter frå sortforsøka og andre forsøk med dei ymse vekster på Mæresmyra.

Myrjorda er best skikka til förproduksjon, men under dei tilhøva vi arbeider under på Mæresmyra har også korndyrkinga gjevi ganske gode avlingar. Ved å bruka tidlege slag, tidleg sånad og stråstive slag og ei lagleg gjødsling kan korndyrking drivast på myrjord med godt utbytte, sjølv om myra er nokså mykje utsett for frost.

Til grønnsaker har og myrjorda vist seg å gå bra. Serleg har gulrota slegi godt til. Gulrotfluga har ikkje gjort noko skade.

Til kulturbeite er myrjorda godt skikka. Råmetilhøve er gode, så graset kjem fort att eter beitinga.

Korleis myra skal drivast kjem seg mykje på korleis tilhøva er på staden. Under gode veksttilhøve der korn kan dyrkast kan ei vekstfylgje som denne nyttast:

1ste år vårsæd. 2net rotvekster. 3dje bygg med attlegg til eng. Eng i 4—6 år.

Kor lenge enga skal vara kan verta noko ymis, alt etter beiting og gjødsling. Når timoteien kjem bort, vil avkastnaden av enga til høy fort gå ned. Då korn og rotvokstrar gjev gode avlinger, er det ingen grunn til å late enga liggja for lenge.

På dei stader der korn ikkje kan tilrådest til dyrking på myra kan eit slikt sædskifte tilrådest:

1ste år neper på ompløgd voll.

2net år grønför (havre og grærter) med attlegg til eng.

Eng 5—7 år.

På meir avsidesliggjande myrer eller det av andre grunnar er best å driva einssidig med eng kan enga liggja så lenge ho gjev tilfredsstillande avling og så nya ho oppatt med å ta korn eller grøn-
fôr med isåing av engfrø. Eller myra kan leggjast ut til varig beite.

M o s e m y r bør helst leggjast til varig beite dersom ikkje drifts-
tilhøva gjer at den må brukast på anna vis.

BRENNTORVPRODUKSJONEN I DANMARK OG SVERIGE I 1941.

I D a n m a r k utgjorde fjorårets brenntorvproduksjon i alt 4,674,292 tonn ifølge en nettopp offentliggjort statistikk i Det danske Hede-
selskabs tidsskrift (nr. 1, 1942). I alt 8000 torvprodusenter har frem-
stilt brenntorv for salg, og herav har vel 80 % avgitt produksjonsoppgave. For de øvrige vedkommende er produksjonen be-
regnet på grunnlag av gjennomsnittsproduksjonen for de produ-
senter som har avgitt oppgaver. Torvproduksjonen til eget for-
bruk, som er anslått skjønnsmessig, er også innbefattet i ovenstå-
ende oppgave. Det opplyses at den overveiende del av torven er
maskintorv. Produksjonen av torvbriketter kom i 1941 opp i ca.
25,000 tonn mot 31,300 tonn i 1940. Videre er det produsert ca. 87,000
tonn torv egnet til generatorbrensel ved i alt 110 autoriserte torv-
fabrikker.

Det forannevnte resultat av fjorårets torvproduksjon er det beste
som noensinne er oppnådd i Danmark.

I S v e r i g e oppgis brenntorvproduksjonen i 1941 til ca. 400,000
tonn (Tidsskriftet «Skogen», nr. 2, 1942). Det er ikke opplyst hvor-
dan dette kvantum fordeler seg på henholdsvis torvbriketter, ma-
skintorv og stikkertorv, men det er sannsynlig at maskintorven domi-
nerer også her.

I Sverige har Staten gått sterkt inn for torvdriften, bl. a. ved å
bevilge midler til et større selskap — A.B. Svensk torvförädling —
som har gått i gang med torvproduksjon på et stort antall myrer.
Neste sesong planlegger selskapet å sysselsette omkring 2200 arbei-
dere og flere hundre funksjonærer.

Brenntorvproduksjonen i N o r g e utgjorde i fjor 1,950,535 m³ tørr
torv, herav var 126,990 m³ maskintorv og resten stikkertorv (jfr. Medd.
fra D. N. M. nr. 6, 1941). Omregnes dette kvantum til tonn torv etter
3 m³ maskintorv og 4 m³ stikkertorv til 1 tonn, kommer vi til en produk-
sjon av ca. 500,000 tonn i alt i 1941 i vårt land.
